# Vekeplan for 3.trinn

| | | |
|---|---|---|
| | Veke 42 | |
| **Tema: Demokrati og medborgarskap** | | |

## Mål veke 42

| | |
|---|---|
| **Norsk** | Eg kan skrive to setningar i diktat.<br>Eg veit kva spørjeord er. |
| **Matematikk** | Eg repeterar addisjon og subtraksjon. |
| **Engelsk** | Eg kan lytte til ein historie og prøve å forstå innhaldet. |
| **KRLE** | Eg kan beskrive og samtale om ulike måter og leve saman på i familie og samfunn. |
| **Samfunnsfag** | Eg veit korleis eg skal oppføre meg i trafikken. |
| **Sosialt** | Eg snakkar fint til andre. |

## Lekser veke 42

| | |
|---|---|
| **Vekelekse** | **Matte:** Gjer arbeidsarket innan torsdag.<br>**Diktat: Vi ser med augene. Eg trur at vatnet er varmt.**<br>**Vi ser med øynene. Jeg tror at vannet er varmt.** |
| **Til tysdag** | **Norsk:** Les på ditt nivå på Relemo (bokstav, ord, tekst)<br>Ta skjermbildet og legg det på Showbie – relemo- veke 42.<br>Øve på å skrive dei to setningane som er til diktat.<br><br>**Gym**: Pakk gymtøy. Sjå meir informasjon nedanfor.<br>**iPad:** Hugs å lade den 100%. |
| **Til onsdag** | **Norsk:** Les på ditt nivå på Relemo (bokstav, ord, tekst)<br>Ta skjermbildet og legg det på Showbie – relemo- veke 42.<br>Øve på å skrive dei to setningane som er til diktat. |

| | |
|---|---|
| **Til torsdag** | **Norsk:** Les på ditt nivå på Relemo (bokstav, ord, tekst)<br>Ta skjermbildet og legg det på Showbie – relemo- veke 42.<br><br>Øve på å skrive dei to setningane som er til diktat.<br><br>**Symjing:** Gruppe 2 pakker symjetøy og møter på skulen kl 08.00. Sjå meir informasjon nedanfor. |
| **Til fredag** | **Norsk:** Les på ditt nivå på Relemo (bokstav, ord, tekst)<br>Ta skjermbildet og legg det på Showbie – relemo- veke 42.<br>Øve på å skrive dei to setningane som er til diktat. |

# Timeplan

| | **Måndag** | **Tysdag** | **Onsdag** | **Torsdag** | **Fredag** |
|---|---|---|---|---|---|
| **1.økt** | Norsk | Gym | Norsk | Symjing/KRLE | Norsk |
| **2.økt** | Matematikk | Norsk | Matematikk | Matematikk | Matematikk |
| **3.økt** | Uteleik | Engelsk | Kor | Samfunnsfag | Samfunnsfag |
| **4.økt** | Uteleik | | | | |
| **Slutt** | 14.15 | 13.00 | 13.00 | 13.00 | 13.00 |

# Informasjon til heimen

Vi skal nå starte opp med *Relemo*. Relemo er eit lesetreningsprogram for å betre *lesehastighet*, *nøyaktighet* og *leseforståelse*. Vi vil bruke dette som leselekser i perioder av året. Programmet fungerer på datamaskiner og nettbrett.

Det er viktig at ein vaksen sit saman med barnet når dei les, for å sikre nøyaktig lesing. Dersom barnet les feil, peik på ordet, slik at barnet les ordet riktig før det fortsett i teksten.

1. Gå inn på https://relemo.conexus.no/login/index.php og logg på med Feide. Vi har også lagt dette som ein snarvei på nettleseren"Edge" på elevane sin iPad.
2. Nivået som ditt barn skal lese på ligg på Showbie i mappa: "Relemo" - "veke 42". Vi har testa elevane på skulen, men gje gjerne beskjed dersom det blir for enkelt eller for vanskeleg for ditt barn.

3. Velg først **bokstaver**. Start med den øvste bokstaven. Still inn på 3 repetisjonar med ein repetisjonstid på 60 sekunder.

4. Gjer det same med **Ord og Tekst.** Start med øvste ord/tekst. Still inn på 3 repetisjonar med ein repetisjonstid på 60 sekunder.

5. For å starte øvinga, trykk på start-knappen. Det telles ned frå 3 og testen startar. Det er viktig at barnet begynner å lese med ein gong øvelsen kjem til syne. Etter eit minutt blir skjermen raud, og ein fargeblyant «frigjerast». Du/eleven markerer det siste bokstaven/ordet som blei lest, ved å klikke på det. Når barnet er ferdig med siste gjennomlesning, kjem det automatisk fram ein graf som visar framgang mellom dei ulike repetisjonane. Denne visualiseringa av barnets framgang i lesehastighet, er ein motivasjonsfaktor i lesetreninga.
   Kvar dag velges det ein ny bokstav/ord/tekst. Leste oppgåver blir markert.

6. Ta skjermbilete av grafen (kun grafen når ein har lest tekst) og legg den på Showbie – Relemo – veke 42/veke 43/veke 44. Vi har øvd med elevane på skulen.

**Informasjon om kartleggingsprøver:** Elevane på 3.trinn skal i løpet av veke 40-43 gjennomføre nasjonale kartleggingsprøver i lesing og rekning. Prøvene er obligatoriske for alle elevar på trinnet.

Formålet med kartleggingsprøvene er å finne ut om nokre elevar har behov for ekstra hjelp og oppfølging i lesing og rekning. Resultatet skal brukast av lærare til å tilretteleggje undervisninga betre for kvar enkelt elev.

Dersom ein elev er sjuk eller borte, vil prøven bli tatt på eit seinare tidspunkt.

**Diktat:** Elevane skal øve på å skrive to setningar i lekse til fredag. Øv kvar dag. Dei får med heim ark med linjer som passar til å øve på. Det ligg i leksemappa. De kan sjølv velje om de skriv på andre ark heime. Setningane står under vekelekse , øvst på vekeplanen. På fredag skal elevane skrive desse to setningane i diktat på skulen.

**Skifteklede:** Elevane må ha ekstra skift på skulen som ligg i ein pose i garderoben. Truse, bukse og sokker er ekstra viktig. I tillegg må dei ha innesko, regnklede og støvler. Hugs å merke kleda!

**Gymsko:** Det vert gym kvar tysdag. Dette året skal dei dusje etter gymtimane. **Dei skal kun vaske kroppen, ikkje håret.** Dei skal ha med seg gymklede, sko, handkle og såpe.

**Symjing:** No starter ei ny gruppe med symjing. Det blir på torsdager i 1.økt. Vi tek buss til Bryne ungdomsskule kl 08.15, så dei som har symjing må møte kl 08.

Elevane må ha med seg badeklede, badehette, handkle, shampo, kroppssåpe og ein plastpose til å ha dei blaute badekleda oppi. Dersom nokon har fotvorte (sjekk nøye), må dei ha med eit ekstra par med reine sokker (dei må dusje og bade med sokk på). Merk ALT med namn, og la eleven vere med å pakke symjebagen slik at dei veit kva dei har med seg.

Det er ikkje lov med symjebriller/dykkermaske.

Vi ønsker at de øver på dusjing på forhand. Elevane må kunne kle av/på seg sjølv, åpna og lukka såpa, såpa seg inn med shampo i håret (ikkje balsam) og såpe på kroppen, skylja ut såpa, tørka hår og kropp, ta på badedrakt/badebukse og badehette.

Jenter: Dei må kunne børste håret og sette det i hale.

Det er óg fint om de kan snakke med eleven om at det er spesielt viktig å fylgja reglane når vi er i symjehallen.

Espen har ansvar for undervisninga og guttegarderoben. Brita er med i jentegarderoben. I tillegg er det 2 badevakter i symjehallen.

**Symjegruppe 2: (veke 42-47)**

**Mamadou Yero, Aron B, Thor, Sondre S, Sille, Mia, Tiril, Theo, Kasper, Adam, Roberts, Olander, Lasse, Elle Sophi, Emmelin, Vilde, Elea, Sigvart, Allan, Aron U, Aksel, Marie, Sophia, Ina, Lisa, Mina, Julie.**

**Sjukdom:** Dersom elevane er sjuke må de melda frå om dette i "VISMA min skole"-appen om morgonen slik at me veit at elevane ikkje kjem.

**SFO:** Dersom elevane ikkje skal på SFO ein dag må de leggja inn dagsnotat på visma. Det er ikkje nok at elevane seier i frå munnleg.

**Samtykke:** Vi ber om at alle går inn på visma og krysser av på samtykke.

**Vi ønskjer alle ei fin veke 😊**

**Helsing Safeta, Randi, Espen, Synnøve, Mia, Berit og Brita**

